



**Kan vi lære
noko av
menn i korte
bukser?**

Få med deg foredrag med Erik Thorstvedt i Kulturhuset Husnes **14. april kl 17.00** (dørene opnar kl 16.45).

Gratis og ope for alle!

Tidlegare landslagskeeper, Erik Thorstvedt, snakka om lagbygging og det å skapa eit godt klima for samarbeid for å oppnå det vi vil.

Det vart stor interesse frå Uskedalen på næringslivsseminar på Husnes i dag. Tema var: Merkevarebygging og utvikling. Uskedalen var representert med tilsette frå SPAR og Elins Matgleder. Nokre frå bygda var med frå firma elles i Kvinnherad. Frå Uskedal utvikling møtte både leiar og varaleiar.

Merkevarebygging og utvikling er eit aktuelt tema for ei bygd som Uskedalen med vekst i folketal og bustadbygging. Det er viktig å tenkja merkevare og vera medvitne om kva ein driv med. Sterke lokale merkevarer skaper vekst og utvikling. Både SPAR og Elins Matgleder har skapt sine merkevarer som igjen er ein viktig faktor i ei sterk profilering av Uskedalen.

Vi merka oss innlegget frå banksjefen i Tysnes Sparebank om å vera ein lokal bank, banken for deg. Siren Simones frå Uskedalen er kontorsjef i den nye banken, som opnar i morgon i nye lokale på Husnes.

Tekst: Kristian O. Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland